



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2016	Levekårsutvalet	PS	22.02.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA - A00	15/349

SKULESTRUKTUR I VAKSDAL

Vedlegg:

Høyrings svar skulestruktur, Ungdomsrådet i Vaksdal
Høyrings svar skulestruktur, elevrådet Vaksdal skule
Høyrings svar
Brev skulestruktur
Skulestruktur Vaksdal skule
Skulestruktur Stanghelle
Skulestruktur.doc; høyringsuttale Dale
Skulestruktur Stamnes
Uttale_skulestruktur_Vaksdal_IL
Uttale_skulestruktur_Lien_Linda
Høyringsuttale om skulestrukturen i Vaksdal
Uttale frå elevrådet DBU
Skulestruktur
Høyring skulestruktur februar 16
Høyring om skulestruktur Uttale frå Eidsland FAU
Svar elevrådet Stanghelle
Svar Stanghelle SU
Høyringsuttale skulestrukturen i Vaksdal kommune februar 2016
Underskrifter frå skulane i Vaksdal
Høyringsuttale
Høyringsuttale
Vaksdal Vel sitt høyrings svar til skulestrukturplanen
Høyringsuttale frå elevrådet Stamnese skule febr 2016
Høyringsuttale frå SU
Høyringsuttalelse, skulestruktur
skulestruktur uttale
underskrift
underskrift 2
underskrift 3
Høyring skulestruktur
Høyringsuttale om skulestrukturen i Vaksdal
Høyrings svar frå FAU Stamnes
Feil og mangler ved utgreinga av skulestrukturen
Høyring skulestruktur
Innspeil til høyring Skulestruktur

Høyrings svar frå FAU Vaksdal skule
Høyrings svar-SkulestrukturVaksdal
Inns pel til høyring om ny skulestruktur i Vaksdal Rune Langelan
Høyringsuttale frå SU Dale barne- og ungdomsskule
Oversikt høyringsinnstansar som har sendt inn uttale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsuttalane er mange, gode og viser stort engasjement og viktige innspel for vidare saksutgreiing. Det er viktig å sikra ein brei politisk prosess der alle politiske utval har høve til å handsama høyringsuttalane og kome med innspel til vidare saksutgreiing og prosess. Justert framdriftsplan legg opp til politisk handsaming av skulestrukturen i kommunestyret i juni, parallelt med saker om kommunestruktur og økonomiplan.

Levekårsutvalet - Sak 07/2016

LEV - Behandling:

Einingsleiar samfunnsutvikling orienterte om moglegeheitsstudie for ny barne- og ungdomsskule på Dale (jfr. referatsak 03/2016.2).

Kommunalsjef oppvekst orienterte, og gjekk igjennom innkomne høyringsuttalar.

Endringsframlegg frå Line Kydland, på vegner av SV, H, MDG:

- 1. Kommunestyret vel alternativ OB og ber administrasjonen arbeida vidare med dette alternativet, som inkluderer ny Barne og ungdomsskule på Dale og nytt tilbygg på Vaksdal skule.*
- 2. Forslag til prosjektplan, kostnadsoverslag og plan for fedigstilling av prosjektet vert å handsama i kommunestyret 27. juni 2016.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram eigen sak om kjøp av elevplassar i Modalen innan kommunestyret sitt møte 9. mai 2016.*

Tilleggsframlegg frå Hege Eide Vik, på vegner av SP, AP:

*For å kunna oppretthalda eit forsvarleg opplæringsnivå uansett kva alternativ for skulestruktur kommunestyret landar på, må ein nytta tida fram til endeleg avgjerd i juni til å finna økonomiske løysingar i komande økonomiplan for finansiering av dei ulike skulestruktur-alternativa.
Levekårsutvalet legg til grunn at endringar i skulestrukturen tidlegast kan skje frå august 2017.*

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart sett opp mot Framlegget frå Line Kydland. 3 røysta for Line Kydland sitt framlegg (SV, H, MDG) som dermed fall.

Tilleggsframlegget frå Hege Eide Vik vart samrøystes vedteke.

Protokollmerknad frå Line Kydland på vegner av SV, H, MDG:

Partia MDG, Høgre og SV er einige om at skulestrukturprosessen held fram som tidligare vedteke. Det vil seie at kommunestyret gjer sitt endelege vedtak 11. april 2016.

Grunngjeving:

- Partia meiner skulestruktursaka må følge vedteken plan. Dette er rett i høve det engasjementet og arbeidet som bygdene, skulane og enkeltmenneska i Vaksdal har utført. Det vil vere å ikkje ta folk på alvor med ei utsetting no*
- Partia meiner det vil være særskild uheldig å handsame skulestruktursaka 10 dagar etter at skulane har teke sommarferie. Elevar, tilsette og føresette har krav på å vite om skulen vert lagt ned innan sommaravslutninga*
- Partia meiner det er eit stort føremål i økonomiplanarbeidet at vedtak i skulestruktursaka kjem i april. Det vil vere umulig å handsame desse sakene i same møte*
- Partia meiner det er viktig at skulestruktursaka vert avgjort no slik at kommunen kan gjennomføra kommunereforma best mogleg etterpå*
- Partia meiner til slutt at prosessen som er føreslått i saksutgreiinga i PS 07/16 i Levekårsutvalet 22.02 er uryddig. Politiske og administrative prosessar skal ikkje køyrast parallelt*

LEV - Tilråding/Vedtak:

Høyringsuttalane er mange, gode og viser stort engasjement og viktige innspel for vidare saksutgreiing. Det er viktig å sikra ein brei politisk prosess der alle politiske utval har høve til å handsama høyringsuttalane og kome med innspel til vidare saksutgreiing og prosess. Justert framdriftsplan legg opp til politisk handsaming av skulestrukturen i kommunestyret i juni, parallelt med saker om kommunestruktur og økonomiplan.

For å kunna oppretthalda eit forsvarleg opplæringsnivå uansett kva alternativ for skulestruktur kommunestyret landar på, må ein nytta tida fram til endeleg avgjerd i juni til å finna økonomiske løysingar i komande økonomiplan for finansiering av dei ulike skulestruktur-alternativa. Levekårsutvalet legg til grunn at endringar i skulestrukturen tidlegast kan skje frå august 2017.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka og den politiske prosessen

Kommunestyret vedtok i økonomiplan 2015-2018, sak 14/1348, at rådmannen skulle setje i gong ein prosess for drøfting av skulestrukturen i Vaksdal kommune.

Levekårsutvalet fulgte prosessen utover våren frå Prosess for drøfting av skulestrukturen i Vaksdal kommune, sak (06/2015), i møte 16.03.2015. Levekårsutvalet hadde dialog om kva som skulle kjenneteikne den gode skulen i Vaksdal, om kva som bidreg til å fremja og hemma barn og unge si læring og utvikling og framtida i skulane i Vaksdal. Dei vaser og presentert for lovgrunnlag, utvikling av elevtal i Vaksdal kommune og prioriteringar i skulane med omsyn til ressursar.

I møte 18.05.2015 handsama Levekårsutvalet framlegg til prosess for drøfting av skulestruktur og Kunnskapsgrunnlag, sak 13/2015. Ut frå dialogen i møte i mars var det utarbeida eit kunnskapsgrunnlag til prosess for drøfting av skulestruktur med bakgrunn i tilgjengeleg data, dokument gjeldande skulane i Vaksdal og andre relevante dokument om skule. Levekårsutvalet handsama og innstilte framlegg til prosess til plan- og økonomiutvalet og

kommunestyret som grunnlag i økonomiplan 2016 – 2019.

Proessen for drøfting av skulestruktur vart endeleg vedteke i Kommunestyre 22. juni med følgjande mandat, organisering og framdrift:

Mandat

Skulestrukturen i Vaksdal skal greiast ut og vurderast i ein heilskapleg analyse der pedagogiske, samfunnsmessige og økonomiske vurderingar skal leggjast vekt på. Utgreiinga skal visa konkrete alternativ for ein framtidig skulestruktur som skal gje ein framtidretta skule der opplæringstilbodet skal vera likeverdig uavhengig av kor i kommunen ein bur.

Skulestrukturen må tilpassast kommunen sine økonomiske rammevilkår.

Utgreiinga skal vera grunnlag for politisk handsaming i høve til om dagens skulestruktur skal endrast.

Organisering og framdrift

Det skal setjast ned ei administrativ arbeidsgruppe for utgreiinga og vurderinga. Arbeidsgruppa skal setjast saman av kommunalsjef oppvekst, økonomisjef, einingsleiar skule, einingsleiar samfunnsutvikling og hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet.

Andre ressurspersonar kan hentast inn om behov.

Arbeidet skal leiast av kommunalsjef Oppvekst.

Status for arbeidet skal jamleg leggjast fram for Levekårsutvalet som er styringsgruppe for prosessen.

Formannskapet er plan- og økonomiutval og tilrår endeleg til kommunestyret.

Framdriftsplan for utgreiing av skulestruktur:

Dato/tid	Aktivitet
18.05.15	Sak til Levekårsutvalet – framdriftsplan – oppfølging budsjett – førebuing økonomiplan
05.06.15	Sak til Formannskapet – framdriftsplan – oppfølging budsjett – innstilling økonomiplan
22.06.15	Sak til Kommunestyret – framdriftsplan – oppfølging budsjett – behandling økonomiplan
Veke 36	Informasjonsmøter FAU og andre berørte partar om prosess, mandat og tidsfristar
Veke 36	Status Levekårsutvalet
12.10.15	Frist arbeidsgruppa for ferdigstilling av grunnlagsdokument
12.10.15	Status Levekårsutvalet
16.10.15	Start høyring. Grunnlagsdokumentet vert sendt på høyring
Veke	Informasjonsmøter i skulekretsane med aktuelle partar
19.12.15	Høyringsfrist
Veke 3	Saksframlegg om skulestruktur vert handsama i Levekårsutvalet
Veke 4	Saksframlegg om skulestruktur vert handsama i Formannskapet
Veke 6	Saksframlegg om skulestruktur vert handsama i Kommunestyret

Proessen for drøfting av skulestruktur byggjer på følgjande dokument:

- Opplæringslova §§ 8-1, 9a-1
- Forvaltningsloven § 37
- Rundskriv Udir-2-2012 Behandling av saker om skolenedleggelse og krestgrenser

I økonomiplan 2016-2019 – oppvekst, sak 46/2015, vart følgjande vedteke i Kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan vert vedteken retningsgjevande med slike føringar:

- Tilstandsrapporten som gjeld bygg innan oppvekst vert teken til orientering.
- Kunnskapsgrunnlaget som gjeld skulestruktur vert teken til etterretning. I punkt 5 innarbeider

rådmannen eit punkt 5.4: «Nærmiljøskular 1.-4.klasse og sentralisering av 5.-10.klasse» som eit fjerde utgreiingsalternativ.

- Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget om skulestruktur legg rådmannen til rette for ein heilskapleg skulestrukturdebatt der alle formkrav er teke omsyn til.
- Når eventuell ny skulestruktur er vedteken kjem rådmannen tilbake med ei sak om opprusting eller nybygg av skuleanlegg på Dale samt;

Kommunestyret fastset i særskilt vedtak:

- Skulestruktur
- Eventuelle nybygg og rammer for dette
- Plan for opprusting av bygg og økonomiske rammer for dette. Eventuelle løyvingar vert gjort i årsbudsjetta
- Plan for eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet
- Tilstandsrapport om arbeidet med kunnskap, trivsel, samarbeid med dei føresette og fråfall i vidaregåande skule skal leggjast fram for kommunestyret årvisst

Levekårsutvalet fekk i møte 28.09.15, sak 18/2015 orientering om framdrift i prosessen om skulestruktur.

Utgreiing skulestruktur og Skulebruksplan 2015-2030 vart lagt munnleg fram for Levekårsutvalet 09.11.2015, sak 22/2015

Etter framlegging av revidert Utgreiing av skulestruktur i Vaksdal kommune i Levekårsutvalet 07.12.2015 vart den sendt ut på høyring med 8 vekers høyringsfrist.

Utgreiing av skulestrukturen i Vaksdal og Skulebruksplan 2015-2030

I samsvar med kommunestyret sitt vedtak omhandlar utgreiinga av skulestruktur i Vaksdal kommune og Skulebruksplanen 2015-2030 fire alternative løysingar for skulestruktur i Vaksdal:

Alternativ OA	Vidareføring av dagens skulestruktur (referansealternativ)
Alternativ OB	Vidareføring av dagens skulestruktur med nybygg
Alternativ 1	Fem skular – 5.-10. årssteg samla på Dale barne- og ungdomsskule
Alternativ 2	Skule på Vaksdal, Dale og i Eksingedalen
Alternativ 3	Skule på Dale og i Eksingedalen

Det enkelte alternativ er lagt opp med følgjande innhald:

- Kort skildring av no-situasjonen med informasjon om elevtal, bemanning, gruppestorleik og nyttegrad
- Økonomiske konsekvensar for drift med tydeleg gevinst eller meirkostnad
- Pedagogiske konsekvensar for dei ulike alternativa
- Samfunnsmessige konsekvensar for dei ulike alternativa
- Skulebygget sitt utbetnings- og/eller utbyggingsbehov
- Økonomiske konsekvensar for investering

Det er dokumenta Utgreiing av skulestrukturen i Vaksdal og Skulebruksplan 2015-2030 høyringsinstansane er invitert til å uttale seg i forhold til

Høyringsuttalar

Skulestruktur er ei sak som berører svært mange elevar, foreldre, tilsette og øvrige innbyggjarar. Høyringa skal gje eit diskusjons- og beslutningsgrunnlag for å ta viktige strategiske val om skulebygg og skulestruktur. Ved å sende Utgreiing av skulestruktur i Vaksdal og Skulebruksplan 2015-2030 på høyring ynskta kommunestyret å invitere til ein open og brei dialog omkring skulebygg og skulestruktur i Vaksdal.

Høyringa har vore open, slik at alle interesserte har hatt høve til å kome med uttale.

Alle innspela frå høyringa, saman med Utgreiing skulestruktur i Vaksdal kommune og Skulebruksplan 2015-2030, skal leggjast til grunn for saka som rådmannen skal fremja for politisk handsaming i Kommunestyret.

Ved høyringsfrist 11. februar 2016 var det komt inn 33 uttalar.

Desse fordeler seg slik:

FAU	5
Samarbeidsutval	5
Elevråd/ungdomsråd	6
Tilsette / klubb	4
Tilsette sine organisasjonar	2
Foreiningar / vel foreiningar	5
Enkeltpersonar/andre	6
Totalt	33

I tillegg er det kome inn 1167 underskrifter for å oppretthalde skulestrukturen som i dag.

Dei fleste uttalane tek for seg eigen skule og eige nærmiljø, men nokon har òg element i seg meir generelt om skulane og nærmiljøa i Vaksdal. Uttalane varierer frå korte uttalar i e-post til større dokument.

Med eit slikt stort og mangfoldig materiale er det ikkje mogeleg å gje noko kort oppsummering av uttalane. Det er derfor viktig at sjølve høyringsuttalane vert lest i sin heilskap. For å kunne vurdere høyringane vil rådmannen gå grundig gjennom kvart dokument.

Høyringsfristen om skulestruktur var sett til 11. februar og utsending av sak til Levekårsutvalet er 12. februar. Med ein frist på ein dag som her er tilfelle, er det ikkje mogeleg å gjera ei vurdering av høyringsuttalane, men uttalane er lest gjennom og ein freista skissere dei store linjene i innsendt materiale.

Det første som ein vil peika på er at det er kome inn mange gode og gjennomarbeida høyringsuttala. Høyringsuttalane viser eit stort, positivt engasjement for skulane og nærmiljøet i dei ulike bygdene. Kvar enkelt bygd er oppteken av levande bygdesamfunn der skulen er ein viktig og naturleg del. Det vert gjennom uttalane vist at skulen sin plass i nærmiljøet har stor verdi og det vert peika på at dette er ein verdi som vanskeleg kan målast i kroneverdi. Det vert skissert ulike arrangement som 17. mai, høgtidsarrangement, bygdekvevdar mm. Skulen er òg ein plass for musikk- og idrettsaktiviteter for born og vaksne på ettermiddag/kveld og ein naturleg møteplass i bygda.

Uttalane viser òg at alle bygdene er oppteken av at det skal flytta nye innbyggjarar til kommunen. Nye naboar er velkomen. Vilje til og ynskje om vekst både i den enkelte bygda, men òg i kommunen under eitt, kjem fram i mange høyringsuttala.

Særleg FAU og elevråda peikar på at skule i nærmiljøet slik som i dag gjev tryggleik og gode læringsmiljø for borna. Det vert opplevd godt samarbeid mellom skule og heim og både born og foreldre synes å vera glad i skulen sin.

Skulevegen, både langs E16 og F569 vert i dei fleste høyringsvara teke fram som ein utrygg faktor ved ei eventuell endring av skulestrukturen. Skulevegen vert skildra som trafikkfarleg og for nokon lang.

Fleire av høyringsuttalane viser òg forståing for den vanskelege økonomiske situasjonen Vaksdal kommune er i. Det vert i nokre uttala etterspurt nærare utgreiingar av dei økonomiske rammene ved eventuell endring av skulestruktur.

Alt i alt viser høyringsuttalane at innbyggjarane i Vaksdal kommune har eit sterkt engasjement for borna, skulane og nærmiljøa dei bur i. Desse høyringsuttalane er viktige og dei må handsamast grundig og forsvarleg.

Vurdering:

Etter opprinneleg framdriftsplan skulle saka vorte handsama av Levekårsutval 22. februar, Formannskapet 14. mars og Kommunestyret den 11. april.

Gjennom innspela vert det av fleire peika på at sak om skulestruktur kjem samstundes med andre store og krevjande prosessar i kommunen som; kommunestruktur, ny veg og bane og Kommuneplan, samfunnsdel, med utbygging på Tettaneset. Det vert òg peika på andre konsekvensar i utgreiinga som høyringsinnstansane meiner bør opplystast meir. Fleire stiller spørsmål om økonomi, både kor mykje ein vil spare på endring av struktur og bruk av pengar på skule i dag sett opp mot andre kommunar.

I mandatet til arbeidet er det vedteke at skulestrukturen må tilpassast kommunen sine økonomiske rammevilkår. Den politiske debatten om skulestrukturen bør sjåast i lys av dei store prosessane som ligg føre i Vaksdal kommunen og Økonomiplanen 2017-2020.

Rådmannen finn difor å kunne tilrå justering av framdriftsplanen for å sikra ein brei politisk prosess der alle politiske utval har høve til å handsama høyringsuttalane og kome med innspel til vidare saksutgreiing og prosess. Justert framdriftsplan legg opp til politisk handsaming i kommunestyret i juni, parallelt med saker om kommunestruktur og økonomiplan.

Forslag til justert framdriftsplan:

Dato/tid	Aktivitet
11.02.16	Høyringsfrist
11.02.16	Møte i arbeidsgruppa – første gjennomlesning av høyringsuttalane (ikkje gjort vurdering)
12.02.16	Utsending høyringsuttalane til Levekårsutvalet
16.02.16	Rådmannen si leiargruppe – gjennomgang høyringsuttalane – vurderer desse
22.02.16	Levekårsutval – gjennomgang av høyringsuttalane – innspel frå LK
02.03.16	Arbeidsgruppa – gjennomgang høyringsuttalane – vurderer desse og innspel frå LK
14.03.16	Formannskapet – gjennomgang av høyringsuttalane
11.04.16	Kommunestyret – gjennomgang av høyringsuttalane
April/mai	Arbeidsgruppa skrive saksframlegg med basert på høyringsuttalane og innspel frå politisk nivå
April/mai	Rådmannen si leiargruppe les gjennom og godkjenner saksframlegg
Juni	Sakshandsaming Formannskapet
Juni	Sakshandsaming Kommunestyret

